


# HALLO – DIN SKO!

---

Frå barnehage til skule. Eit ressurshefte med døme på korleis barnehagen kan inspirere til arbeid med kunst og kultur på småtrinnet i grunnskulen.



NASJONALT SENTER  
FOR KUNST OG KULTUR  
I OPPLÆRINGEN

Forsidebilde: Sandsli Barnehage/KKS  
Utgjeve av Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen 2015  
Heftet kan lastas ned elektronisk frå kunstkultursenteret.no

**[www.kunstkultursenteret.no](http://www.kunstkultursenteret.no)**

# INNLEIING

Barnehage og skule er viktige arenaer for leik og læring. Kunnskap og erfaring frå barnehagen er utgangspunktet for kva ungane skal byggje vidare på når dei begynner på skulen. Kunnskapsdepartementet har utvikla rettleiaren "Fra eldst til yngst. Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole" (2008). Rettleiaren oppmodar til meir samarbeid for å sikre ein god overgang og eit heilskapleg opplæringsløp. Barnehagen og skulen har mange likskapstrekk, men jobbar utifrå ulike læringskulturar og pedagogiske utgangspunkt:

Barnehagen som institusjon har de siste tiårene utviklet seg innenfor en sosialpedagogisk tradisjon der lek, læring, utvikling, oppdragelse og omsorg ses som deler i en sammenhengende helhet. Barnehagen er også formet av en skoleforberedende tradisjon, hvor man går inn for å gi barnet gode forutsetninger for å lykkes i skoleløpet. Innsatsen her har imidlertid i hovedsak skjedd innenfor en sosialpedagogisk forståelsesramme. Skolen som institusjon har derimot tradisjonelt vært mer målstyrt, og i skolen er læringen i stor grad kompetanseorientert. De ulike læringskulturene gir barnehagen og skolen ulike utgangspunkt for pedagogisk arbeid. (Kunnskapsdepartementet, 2008: Fra eldst til yngst. Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole.)

Rettleiaren viser vidare til at omgrepet livslang læring lenge har vore eit etablert omgrep i det pedagogiske miljøet. Ein ønskjer å skape læringssamanhangar og overgangar mellom barnehagen og skulen som gir ungane eit godt grunnlag for livslang læring. For at dette skal skje, er det viktig at ein legg til rette for eit samarbeid mellom barnehagen og skulen der gjensidig forståing for likskapar og skilnader rår:

En av målsettingene er å bli bedre kjent med hverandres innhold og oppgaver og på den måten lettere kunne se og sørge for sammenheng mellom de to arenaene. Hvis de voksne ser helheten, er det også større sannsynlighet for at barna vil oppleve den.

Nasjonalt senter for kunst og kultur (KKS) i opplæringa har laga dette heftet, som viser fire praktiske døme på korleis barnehagen kan inspirere til godt arbeid med kunst og kultur på småtrinnet i grunnskulen. Kanskje kan dette bidra til å auke forståinga for og kunnskapen om korleis ein kan jobbe med kreative læringsprosessar i møte med små barn – utifrå eit perspektiv der barn lærer best i ein skapande, heilskapleg og livslang læringsprosess.



Kirsti Saxy, sentralrådgiver, KKS



Cathrine Jenssen, rådgivar og tiltaksansvarleg, KKS

# «HALLO – DIN SKO!»

## – ARBEID MED GJENBRUK I KUNST OG HANDVERK

KAN ALLE UNGANE  
I SATURN-GRUPPA  
HEIME I HUSET SITT  
FINNE EIN SKO ELLER  
TO, LITEN ELLER STOR,  
SOM FOR EIN ANNAN  
SIN FOT HAR VORE  
KJEMPEGOD!?  
JA, RETT OG SLETT  
EIN YNDLINGSSKO!

(Sandsli barnehage, 2009)



Foto: Sandsli barnehage / KKS

### UNDERVISNINGSSOPPLEGG KNYTT TIL LÆREPLAN I KUNST OG HANDVERK OG NORSK, 1.–2. TRINN

Dette undervisningsopplegget er eit døme på korleis eit prosjekt i barnehagen kan inspirere til arbeid med temaa og faga redesign/gjenbruk, kunst og handverk, drama og norsk på småtrinnet i grunnskulen. Ein tek utgangspunkt i gjenbruk av gamle sko og gir det ei kunstnarleg vinkling ved at elevane skaper sine eigne, personlege sko gjennom utsmykking og språkleik. Det er ein fordel om elevane har vore gjennom den første lese- og skriveopplæringa

### GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER

I dette opplegget legg ein vekt på både dei munnlege og dei skriftlege ferdighetene. Undervisninga kan også bidra til å styrke dei digitale ferdighetene. Ferdighetene er markert slik i avsnittet om gjennomføring: Munnlege ferdigheter (MF), skriftlege ferdigheter (SF), digitale ferdigheter (DF) og leseferdigheiter (LF).

### TILPASSA OPPLÆRING

Opplegget eignar seg for alle elevar og gir gode mogleigheter for å tilpasse undervisninga til dei ulike behova i elevgruppa.

# BAKGRUNN



Foto: Sandsli barnehage / KKS

«Hallo – din sko!» er eit av fleire kunst- og kulturprosjekt som Sandsli barnehage i Bergen kommune har jobba med gjennom åra. Felles kjenneteikn for prosjekta er at dei tek utgangspunkt i den undringa, oppdagatrøangen og nysgjerrigheita ungane har. Filosofi er eit anna tema som gjennomsyrar aktivitetene i barnehagen. Gjennom filosofiske samtalar med ungane er det ingen fasit, og personalet tek refleksjonane deira på alvor. Dette er tema og innfallsvinklar som lett lèt seg overføre til undervisning på småtrinnet og til kompetansemåla i læreplanen.

Personalaet i Sandsli barnehage hadde lenge sett at temaet sko var noko som fengde. Ideen om at gjenbruk av sko kunne få ei kunstnarleg vinkling, var dermed fødd. Barnehagen knytte til seg ein lokal kunstnar til prosjektet. Dette kan ein også gjere i skulen, men det er ikkje nødvendig.

I barnehagen gjekk prosjektet over to-tre månader, men i skulen er dette undervisningsopplegget tilpassa om lag seks undervisningstimar. Ønskjer læraren å lage eit lengre prosjekt, er det mogleg å gå i djupna på temaet gjennom til dømes å jobbe tverrfagleg over tid. Då kan ein også knyte fag som matematikk og engelsk til opplegget.

## KOMPETANSEMÅL

### Kunst og handverk

- uttrykkje eigne opplevingar gjennom teikning
- lage enkle gjenstandar og former i papir og tekstil gjennom å rive, klippe, lime, tvinne og flette
- bruke dekorative element frå kunst og kunsthandverk i eigne arbeid

### Norsk

- lytte, ta ordet etter tur og gi respons til andre i samtalar
- lytte til tekstar på bokmål og nynorsk og samtale om dei
- leike, improvisere og eksperimentere med rim, rytmje, språklydar, stavingar, meiningsberande element og ord
- setje ord på eigne kjensler og meininger
- uttrykkje eigne tekstopplevelingar gjennom ord, teikning, song og andre estetiske uttrykk

## TIDSRAMME

Om lag seks undervisningstimar eller som eit prosjektarbeid over lengre tid.

# FØREBUINGAR OG GJENNOMFØRING

## FØREBUINGAR FOR LÆRAREN

- Leit fram bilete av sko frå ulike verdsdelar og lag en biletserie som heter «All verdas sko». Relevant litteratur, biletkunst og musikk kan fungere som støttemateriell i undervisninga og gi eit godt utgangspunkt for samtalar rundt temaet sko.

## • FORSLAG TIL STØTTEMATERIELL:

- Heile prosjektskildringa til «Hallo – din sko!» (Ressursbasen på hjemmesiden til Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen).
- Prosjektet er også skildra i detalj i læreboka "Kunst, kultur og kreativitet", (Fagbokforlaget, 2011).

- Regla «Sko blakken, sko blakken» (Ro ro til regleland av Jo Tenfjord), diktet «Tusenbein» (Rim- og regleboka av Aslaug Høydal), musikk frå Jul i Skomakergata (Nrk) og biletet «Eit par sko» av biletkunstnaren Vincent van Gogh.

- Er det eit gjenbrukssenter i nærleiken av skulen? Der kan ein finne spennande materiale til «utsmykkinga» av skoa ungane skaper. Ein kan også skaffe materiala på andre måtar, og det treng ikkje vere dyrt. Tips til materiale: Leidningar, stoff, fjører, knappar, hjul, papp, gamle telefonar, røyr og ulike plastrestar, papir/blindrammer, akrylmåling, gamle skosolar, lim, saks, skruer og skrujern, stiftemaskin.
- Gå gjerne inn på nettsida til ReMida – Senter for kreativ gjenbruk i Trondheim eller Bodø for å hente inspirasjon og gode idear.



Foto: Sandsli barnehage / KKS

# GJENNOMFØRING

|                                  |   |
|----------------------------------|---|
| <b>1. time</b><br>MF             | <b>Drama</b> i klassen: Læraren introduserer klassen for undervisningsopplegget ved ei visualisering gjennom biletserien «All verdas sko». Kva for sko finst det? Brukar vi dei same skoa i Noreg som på Grønland? Oppi ein gammal støvel ligg det eit «oppdrag» til klassen i brevform: «Høyr her alle skulebarn! De får ei gåte – lekse – å tenkje og filosofere på: Gå i skåpet og finn eit gammalt par sko. Klikk, klakk, eitt, to. Kva kan sko som er gamle, fortelje deg no?». Her blir foreldra til ungane viktige medhjelparar i jakta på gamle sko som ein tek med til neste time. |
| <b>2. time</b><br>MF/LF/SF       | Få inspirasjon og <b>teikn</b> skisser: Læraren les <b>dikt</b> om sko og spelar relevant <b>musikk</b> . Vidare oppmodar læraren ungane til å tenkje ut sin eigen draumesko – noko som aldri før er laga? Ungane vel frå haugen med sko som er tekne med, teiknar skisser av ideane sine og lagar personlege «skotitlar» i samarbeid med læraren. Her kan det kanskje dukke opp både «haisko», «fjørsko» og «flammesko»?   |
| <b>3. og 4. time</b><br>MF/LF/SF | Elevane fordjupar seg i ein <b>kreativ verkstad</b> der skoa får nye former saman med eit mylder av andre ting og småsaker. Her kan ein klappe, lime, måle og skru. Kanskje fører verkstaden til nye <b>ordspel og regler</b> som tek utgangspunkt i interessene og tilhøryselen til ungane. Her er det mange moglegheiter for undring og filosofering over tema som gjenbruk, identitet, sær preg, fellesskap og sansing.  |
| <b>5. og 6. time</b><br>MF/LF/SF | Elevane har no laga mange nye og oppfinnsame prototypar av sko som fortener merksemrd. Her kan ein arrangere ei <b>utstilling</b> anten i lokala til skulen eller i eit profesjonelt utstillingslokale dersom det finst i nærmiljøet. Tenk nøye gjennom lyssetjing, rombruk, utforming og merking av objekta. På denne måten tek ein den skapande prosessen til ungane på alvor.  |

## TIPS TIL FORDJUPING

- Ta med elevane ut og la dei sanse korleis det er å gå utan sko:  
Kvífor brukar vi sko? Korleis kjennest det å gå utan sko? La ungane skildre kjenslene sine.
- Felles i klassen: Studer kunstverket «Eit par sko» av Vincent van Gogh. Felles samtale rundt spørsmål som: Kven sine sko var det? Kvar kom skoa frå? Saman kan ein undre seg over at sko er noko vi går og går i, og som blir meir og meir slitne, og til slutt blir til ... ingenting? Lag fotavtrykk på papir eller blindramme med gamle skosolar som de målar på. Trykk på papiret og sjå korleis avtrykka blir svakare og svakare.
- Del elevane inn i små grupper og la dei lage dikt om føter og sko. Dikta skal så dramatiserast og framførast for klassen.
- La elevane leite på Internett for å finne bilete av ulike sko. Skriv ut og lim inn i ei temabok  
Skriv inn diktet som står på side 6 (DF).

# «VÊR SETT MED BARNEAUGE»

## - FOTOGRAFERING SOM TEKNIKK OG FORMIDLINGSFORM



Foto: Barnehagane i Ringebu kommune / KKS

### **UNDERVISNINGSOPPLEGG KNYTT TIL LÆREPLAN I KUNST OG HANDVERK, NORSK OG NATURFAG, 2.-4. TRINN**

I dette undervisningsopplegget ser ein nærmere på korleis eit prosjekt i barnehagen kan inspirere til arbeid med kunst og handverk, naturfag, norsk og digitale uttrykk på småtrinnet i skulen. Ein tek utgangspunkt i den fasinasjonen barn har for vêr og vind, og knyter det opp mot fotografering som teknikk og formidlingsform.

FOR BARN SOM IKKE  
SNAKKER NORSK, ER  
BILDER EN GOD MÅTE  
Å GJØRE SEG FORSTÅTT  
PÅ. BILDENE SIKRER  
OGSÅ AT BARNA HAR EN  
SJANSE TIL Å FORSTÅ  
HVA PERSONALET OG  
ANDRE BARN PRØVER Å  
FORTELLE DEM.

(Marianne Undheim,  
Foto nr. 2/2011)

### **GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER**

I dette opplegget legg ein vekt på både dei munnlege og dei skriftlege ferdigheitene. Undervisninga kan også bidra til å styrke dei digitale ferdigheitene og rekneferdigheita. Ferdighetene er markert slik i avsnittet om gjennomføring: Munnlege ferdigheter (MF), skriftlege ferdigheter (SF), digitale ferdigheter (DF), leseferdigheter (LF) og rekning som grunnleggjande ferdighet (RF).

### **TILPASSA OPPLÆRING**

Dette opplegget eignar seg også til bruk i heile elevgruppa og gir gode moglegheiter for å tilpasse undervisninga til dei ulike behova og føresetnadene til elevane.

# BAKGRUNN

Barnehagane i Ringebu kommune har i fleire år vore med på sommarutstillinga på Ringebu prestegard saman med profesjonelle kunstnarar. I 2011 var temaet for utstillinga «Vær sett med barns øyne – en fotoutstilling med fotografier tatt av barn». Temaet vart valt utifrå at alle snakkar omvêret, små som store. Men barnehagen ønskte, saman med ungane, å gå djupare inn i temaet: Kva er eigentleg vêr, og korleis oppfattar ungane vêret?

Etter at ein hadde valt tema, avgjorde ein at kunstuttrykket skulle vere representert gjennom fotografi som ungane sjølv tok. Prosessen gjekk føre seg frå november og fram til sommarutstillinga i mai. Ungane gjekk sjølv på fotojakt i nærmiljøet med kamera og tok bilete av det dei syntest var vêr. Saman med dei vaksne oppsøkte ungane informasjon om vêr, noko som resulterte i mange spennande refleksjonar. På denne måten fekk dei innsikt i fenomenet vêr gjennom ulike former for utforsking. Ungane fekk også erfaringar med bruk av fotografering som teknikk og formidlingsform.

I skulen kan ein gjennomføre prosjektet over like lang tid som i barnehagen, men dette undervisningsopplegget er tilpassa ei tidsramme på om lag seks timer.

## KOMPETANSEMÅL

### Kunst og handverk (visuell kommunikasjon)

- visualisere og formidle eigne inntrykk i ulike teknikkar og materiale
- bruke enkle funksjonar i digitale biletbehandlings-program
- lage enkle utstillingar av eigne arbeid

### Norsk og digitale uttrykk

- bruke eit eigna ordforråd til å samtale om faglege emne, fortelje om eigne erfaringar og uttrykke eigne meininger
- lage tekstar som kombinerer ord, lyd og bilete, med og utan digitale verktøy
- samhandle med andre gjennom leik, dramatisering, samtale og diskusjon

### Naturfag

- bruke naturfaglege omgrep til å skildre og presentere eigne observasjonar, føreslå og samtale om moglege forklaringar på det ein har observert

## TIDSRAMME

Om lag seks undervisningstimar med moglegheit for fordjuping.



Foto: Barnehagane i Ringebu kommune / KKS

# FØREBUINGAR OG GJENNOMFØRING

## REFLEKSJONAR RUNDT FENOMENET VĒR

(Barnesitat frå barnehagene i Ringebu.)

«*Skyene blir laga i verdsrommet,  
eg har faktisk smakt på ei sky ein gong.*»

«*Når det berre er blå himmel,  
er det ikkje vēr i det heile teke.*»

«*Når eg ser på himmelen, då kitlar det i magen.*»

«*Sjå, skyene er krøllete. Det ser ut som traktorspor.*»

«*Viss alle vēr treffer kvarandre,  
då smeltar alt saman.*»



Foto: Barnehagane i Ringebu kommune / KKS

## FØREBUINGAR FOR LÆRAREN

- Avgjer kor lang tid ein kan setje av til prosjektet: Skal ein gjennomføre det som eit halvdagsopplegg i kunst og handverk, og eventuelt naturfag, eller skal ein gjennomføre det som eit lengre prosjekt der det tverrfaglege står i fokus?
- Elevene må ha tilgang til kamera, men dei treng ikkje vere avanserte. Viss skulen har kamera, kan ungane dele på dei i grupper. Viss ikkje, er det kanskje mogleg å ta med heimanfrå?

## FORSLAG TIL STØTTEMATERIELL:

- Heile prosjektskildringa til «Vēr sett med barneauge» ligg i ressursbasen på hjemmesiden til Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen.
- Artikkelen «Barn fotograferer i barnehagen» (Marianne Undheim i Foto nr. 2/2011, GAN Aschehoug 2010). Redigert versjon av kap. 3 i boka "Del glede! Digital kompetanse i barnehagen" av Marianne Undheim (GAN Aschehoug 2010).
- Undervisningsopplegga "Visuelle kunstfag med fokus på foto" og "Barn og fotografering". Ressursbasen på hjemmesiden til Kunst og kultursenteret.
- Nettressurs og undervisningsopplegg på Naturfagsenteret, «Fotografer skytyper».

# GJENNOMFØRING

|                                  |   |
|----------------------------------|---|
| <b>1. og 2. time</b><br>MF/RF    | <p>Introduser opplegget med ei idémyldring der ein legg vekt på kva tankar elevane har om vær og vind. Kva har været å seie for barna, kva er godt vær, og kva er dårlig vær? Kva for vær likar dei, og har dei nokre spesielle vær- og naturopplevingar? Grip tak i undringa til elevane, og utforsk tema som dukkar opp: Kor mykje veg ein snøkrystall, og kvifor er snøkrystallane ulike? Kva er ein regnboge, og kva består skyer av? Kan skyene likne på noko? Kvifor er ikkje sola varm om vinteren? Korleis er det å kjenne sola varme om våren? Kan ein teikne vinden? La ungane teikne ei væroppleving dei har hatt.</p> <p>På bakgrunn av artikkelen «Barn fotograferer i barnehagen» (M. Undheim i Foto nr. 2/2011) introduserer læraren ungane for fotografering som teknikk og uttrykksmåte. Skildre funksjonane på kameraet på ein enkel måte. Diskuter med ungane: Kan ein ta bilet av været, og korleis gjer ein det? Legg vekt på ungane sitt perspektiv. Som det står skildra i artikkelen: «<i>Barn ser verden fra et annet perspektiv enn voksne</i>» (s. 2).</p> |
| <b>3. og 4. time</b><br>MF       | Gå ut på fotojakt med elevane i nærmiljøet, og ta bilet av været utifrå det de har arbeidd med på skulen. La ungane eksperimentere og utfalte seg fritt, men lær dei å fokusere, slik at bilet blir tydelege. Tilbake i klasserommet brukar ein tid på å gå gjennom biletta. Tenk gjennom punkta på side 4 i fotoartikkelen: Kvifor tok dei akkurat det biletet, og kva tenkte dei rundt sjølve fotograferinga? Dette kan gje mange filosofiske og undrande samtalar både i norsk- og naturfagleg samanheng.  |
| <b>5. og 6. time</b><br>MF/LF/SF | La ungane velje ut nokre bilet som blir framkalla eller skrivne ut. Lim dei på ark. Her kan elevane setje inn enkle titlar, tekstar, dikt eller anna. Arka blir laminerte, og kvar elev får sitt eige «fotoalbum». Albuma kan de henge opp og supplere utover året gjennom dei ulike årstidene.   |

## TIPS TIL FORDJUPING

- La elevane fotografere gjennom eit heilt år og gjennom dei ulike årstidene. Dokumenter i deira eigne «fotoalbum». Vel ut eitt bilet frå kvar elev som ein forstørrar i god fotokvalitet. Ram inn. Planlegg og gjennomfør ei avsluttande fotoutstilling. Dette kan ein gjere på skulen, men også i samarbeid med til dømes ein lokal fotoklubb, ei kunstforeining eller eit kulturhus. Legg vekt på kvalitet og god formidling på utstillinga. Då viser ein at ein tek produkta til ungane og den skapande prosessen deira på alvor.
- Gå i djupna på vær som naturfagleg tema. Jobb tverrfagleg og avslutt med ei dramaframsyning med fotografia til ungane som bakgrunn. Kva består til dømes snøkrystallar av? Kan ungane lage ein dans som viser korleis snøkrystallane fell? Formidle mangfaldet i krystallane – og mangfaldet blant menneske og elevane i klassen?
- Foto og bilet kan vere eit godt utgangspunkt for ungar som ikkje snakkar norsk. Bruk foto aktivt i språkopplæringa og til auka kulturståing. Kva med å tematisere eventyr frå ulike land? Teikn, ta bilet eller finn bilet som illustrerer eventyra.
- Sjå på tips til støttmateriell: Gjennomfør undervisningsopplegget «Fotografer skytypar», som Naturfagsenteret har utvikla. Registrer og skildre ulike skytypar.

# «RYTMOS PÅ KLANGSAFARI»

## – EI MUSIKALSK REISE I DET NONVERBALE SPRÅKET



Rytmos på clangsafari. Foto: Ytrebygda barnehage / KKS

### **UNDERVISNINGSOPPLEGG KNYTT TIL LÆREPLAN I MUSIKK, NORSK OG NATURFAG, 1.–4. TRINN**

I barnehageprosjektet «Rytmos på clangsafari» finn vi eit utvida musikkomgrep. Det er liten bruk av tradisjonelle musikkinstrument. I staden legg ein hovudvekt på lydkjeldene i naturen (vatn, stein, tre, luft). I tillegg framhevar ein språkopplæring gjennom musikalske verkemiddel. Opplegget har overføringsverdi til undervisning i musikk, norsk og naturfag på småtrinnet.

EIN GUT PÅ FIRE ÅR LAGAR BOBLER  
I MJØLKEGLASET SITT. DEI ANDRE  
UNGANE LEGG MERKE TIL HAN, OG  
SÅ BEGYNNER DEI Å BOBLE, DEI  
OGSÅ. SNART SIT ALLE DEI STORE  
OG BLÆS LUFT NED I GLASA SINE.  
DEI SMÅ ER HEILT STILLE OG KIKAR  
PÅ DEI STORE MEDAN DEI HØYRER  
PÅ. «NO MÅ DE ETE», SEIER EIN  
AV DEI VAKSNE, MEDAN EIN AV  
UNGANE LER OG ROPAR MED FRYD:  
«VI LAGAR MUSIKK!  
DETTE ER MUSIKKEN MIN!»

(Praksisforteljing frå matpausen i Ytrebygda barnehage.)

### **GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER**

I dette opplegget legg ein vekt på både dei munnlege og dei skriftlege ferdigheitene. Undervisninga kan også bidra til å styrke dei digitale ferdigheitene og rekneferdigheita. Ferdigheitene er markert slik i avsnittet om gjennomføring: Munnlege ferdigheiter (MF), skriftlege ferdigheiter (SF), digitale ferdigheiter (DF), leseferdigheiter (LF) og rekning som grunnleggjande ferdigheit (RF).

### **TILPASSA OPPLÆRING**

Opplegget eignar seg for alle elevar og gir gode mogleigheter for å tilpasse undervisninga til dei ulike behova i elevgruppa. Det er spesielt eigna i undervisninga av barn med fleirkulturell bakgrunn som ikkje meistrar norsk endå.

# BAKGRUNN



«Rytmos på klangafari» er eit tidlegare prosjekt som har vore gjennomført av Ytrebygda barnehage utanfor Bergen. I prosjektet følgjer vi barnehagen på oppdagingsferd i det musikalske landskapet i naturen saman med «Rytmos», ein trepinnefigur til glede for ungane. Ungane, personalet, Rytmos og musikaren Terje Isungset utforskar rare, fine, høge og mørke lydar i vatn, tre og stein.

Mange av prosjekta i barnehagen er forankra i lyd- og musikkopplevelingar, drama, dans, leik og forming. Grunnhaldninga i barnehagen er at musikk verkar samlande og skaper tilhøyrsel på tvers av kulturelle og språklege barrierar. Tidlegare pedagogisk konsulent Kjell Inge Øksendal seier at musikk er ein fin inngangsport til å kommunisere med framandspråklege barn som endå

## KOMPETANSEMÅL

### **Musikk – etter 2. trinn**

- setje saman musikalske grunnelement som klang, rytme, dynamikk og melodiske motiv til små komposisjonar
- utforske ulike musikalske uttrykk gjennom å improvisere med lyd og rørsle
- samtale om klangen, melodien, rytmen, dynamikken og tempoet i musikken
- lytte til og fortelje om lydar i daglelivet

### **Musikk – etter 4. trinn**

- imitere og improvisere over enkle rytmar og klangar
- kjenne att og skildre klang, melodi, rytme, dynamikk, tempo og form

### **Norsk – etter 4. trinn**

- samhandle med andre gjennom leik, dramatisering, samtale og diskusjon

### **Naturfag – etter 4. trinn**

- utforske fenomen kring luft og lyd, skildre observasjonane og føreslå forklaringar

## TIDSRAMME

Om lag åtte undervisningstimar eller som eit lengre prosjektarbeid.

ikkje meistrar norsk Den nonverbale kommunikasjonen ein møter i musikkuniverset, gir ifølgje Øksendal desse ungane gode fellesskapsopplevelingar som dei kan byggje vidare på i meir spesifikk språktrening. Barnehagen erfarte at det etter prosjektet vart lettare å leike og utforske nye område i musikk og andre fag, og at ungane vart meir verbale i kommunikasjonen sin. Ungane oppdaga også at dei kan leike med kvarandre på tvers av språkbarrierar og andre skilnader.

Dette er moment som har stor relevans i skulesamanheng. Mange skular nyttar musikk aktivt som eit verktøy i arbeidet med å inkludere fleirkulturelle barn i kvardagen. Prosjektet «Rytmos på klangafari» kan vere eit supplement i dette arbeidet, og det knyter seg til musikkfaget på ein leikande og ufarleg måte.

# FØREBUINGAR OG GJENNOMFØRING



Foto: Ytrebygda barnehage/KKS

## FØREBUINGAR FOR LÆRAREN

- Avgjer kor lang tid ein kan setje av til opplegget. I barnehagen vart prosjektet gjennomført over om lag fire månader, og ein tok seg god tid til å gå i djupna på dei ulike oppgåvene. Her blir det formidla som eit kortare opplegg, men vi tilrår å lese heile gjennomføringa av prosjektet i læreboka «Kunst, kultur og kreativitet - Kunstfaglig arbeid i barnehagen» (Fagbokforlaget 2011). Kanskje kan ein også på din skule gjennomføre dette som ein fast del av undervisninga eller som eit prosjekt over til dømes eit halvt år?
- Dersom læraren ikkje har musikkfagleg kompetanse, vil vi tilrå at de knyter til dykk ein musikar eller andre som har slik fagkompetanse.

I dette prosjektet stilte samtlige barn på samme plan, siden musikkens språk er nonverbalt. Humor, undring og klanglig glede var limet som skapte en fellesskapsfølelse i barnegruppen samt la grunnlaget for videre språkstimulering.

(Ytrebygda barnehage i «Kunst, kultur og kreativitet», Fagbokforlaget 2010, s. 216.)

## FORSLAG TIL STØTTEMATERIELL

- Heile prosjektskildringa til «Rytmos på klangafari» (Ressursbasen til Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa)
- Prosjektet er også skildra i læreboka «Kunst, kultur og kreativitet – kunstfaglig arbeid i barnehagen», (Fagbokforlaget 2011, s. 210-216).
- «Veslefrikk – nasjonal satsing på komponering av musikk med barn og unge» (<http://musikkfaget.no/>)
- Bergen kommune: «Befo – flerkulturell opplæring» og satsinga «Fra musikk til språk – framheving av musikk og fleirspråkleg utvikling i barnehagen». Har overføringsverdi til skulen.
- «Kulturelt og kunstnarisk mangfold. Eit inspirasjonshefte til bruk i barnehagen og på småtrinnet i skulen frå Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa».

# GJENNOMFØRING

|  |   |
|--|---|
| <b>1. og 2. time</b><br>MF               | <b>Samling i klasserommet:</b> Vekk interessa og nysgjerrigheita til ungane gjennom å utforske spennande lydar inne i klasserommet. <b>Musikk</b> baserer seg jo på mange ulike lydar, men kva kan lyd eigentleg vere? La ungane blåse i femstemte vassflasker, leik at ballongar spelar tuba, skap vibrasjonslyd med linjal mot pult, blås med papir, gni fuktige fingrar mot tavla. Her er det berre å sleppe fantasiens laus!  |
| <b>3. og 4. time</b><br>MF og RF         | <b>Jakt på originale lyder:</b> Med vaken nysgjerrighet dreg de saman ut i naturen for å jakte på originale lyd- og <b>klangkjelder</b> . Introduser oppdagingsferda ved å bli kjende med «Rytmos», ein trefigur som læraren eller klassen kan lage av til dømes ei einebusk. Spør ungane om han kan følgje dei på ferda. Døme på lyd- og klangkjelder i naturen: Tjukke og tynne trepinnar som ungane samlar inn og tek borken av. Kanskje kan dei bli til ei uro som lagar lyd i vinden? Oppsök vatn som lydkjelde: La elevane fylle glas og stålkjelar med vatn, eller reis til eit vatn i nærleiken av skulen. Kan vatnet ha ulike skvulpelydar? Kanskje vil Rytmos bade og lage artige lydar i vatnet? Boble- og sprutelydar kan også fengje. Utforsk dei ulike klangkjeldene i lufta gjennom å lytte til bladsuset i trea, og lag «hylelydar» med breie grasstrå. |
| <b>5. og 6. time</b><br>MF, RF, LF og SF | <b>Ungane lagar sin eigen musikk:</b> Tilbake på skulen lærer elevane om musikkens grunnelementar (kontrastar): Stille-lyd, sterkt-svakt, lyst-mørkt, langsamt-raskt, rytmisk-shevande. Ta utgangspunkt i lydopplevelingane deira i naturen. Dei kan vidare lage sine eigne instrument av materiala de har funne i naturen, og dersom skulen har dette, kan elevane også prøve ut instrument i tre, skinn og metall.  |
| <b>7. og 8. time</b><br>MF               | <b>Det nonverbale språket i musikken:</b> Ha ei felles musikksamling der ein deler ungane inn i fire grupper som spelar saman i ulike konstellasjonar. Bruk både instrument frå elevane sjølv og skulen. Legg spesielt vekt på temaa nonverbal kommunikasjon og merksemdstrenings. Teikngiving utan ord (dirigering) og total stille (lytting) er her gode stikkord. Ungane kan også lære seg teikn for korleis ein begynner og avsluttar eit musikalsk forløp. Rytmos er sjølvsagt med og lyttar til musikken deira.   |

## TIPS TIL FORDJUPING

- Knyt ein profesjonell musikar til prosjektet, og planlegg ein avsluttande konsert saman med han/henne for heile skulen eller foreldra. Kanskje vil musikaren kome med innspel som utviklar og betrar forholdet elevane har til lydar og det å komponere eigen musikk?
- Prosjektet kan også knytast til andre fag gjennom eit tverrfagleg samarbeid med andre lærarar: I kunst og handverk kan ein lage kostyme og kulissar til konserten, og i norsk kan ein dramatisere delar av oppleget gjennom munnleg og skriftleg formidling. Elevane kjem innom rekning som grunnleggjande ferdighet gjennom å telje slag og takt. I naturfag kan læraren snakke med ungane om korleis musikkinstrumenta kan bevege seg ved hjelp av vatn eller luft.
- Vis bilete og spel musikk med vekt på klang, rytme og instrument frå andre kulturar enn den norske. Vel døma med tanke på kulturbakgrunnen i elevgruppa. Kanskje kan ein hente inn foreldra til nokre av ungane som ressursar her?

# «SIRKUS BANANAS»

## - DRAMA OG AKROBATIKK PÅ TIMEPLANEN

VI ØNSKER Å VISE  
AT GJENNOM SIRKUS-  
AKTIVITETER ELLER  
TVERRFAGLIGE  
SIRKUSPROSJEKTER  
VIL BARN KUNNE  
LÆRE OM MANGE  
EMNER I TILLEGG  
TIL Å FÅ POSITIVE  
BEVEGELSESERFARINGER.

SIRKUS HANDLER OM  
BEVEGELSE.

(Jensen og Osnes,  
Fagbokforlaget 2009)



Foto: Sveinung Uddu Ystad / KKS

### UNDERVISNINGSOPPLEGG KNYTT TIL LÆREPLAN I KUNST OG HANDVERK, NORSK, KROPPSØVING OG MUSIKK, 1.-4. TRINN

Dette undervisningsopplegget er eit døme på korleis eit prosjekt i barnehagen kan inspirere til arbeid med faga kunst og handverk, norsk/drama, kroppsøving og musikk på småtrinnet i grunnskulen.

### GRUNNLEGGJANDE FERDIGHEITER

Her legg ein vekt på både dei munnlege og dei skriftlege ferdighetene. Undervisninga kan også bidra til å styrke dei digitale ferdighetene og leseferdigheitene. Ferdighetene er markert slik i avsnittet om gjennomføring: Munnlege ferdigheter (MF), skriftlege ferdigheter (SF), digitale ferdigheter (DF) og leseferdigheter (LF).

### TILPASSA OPPLÆRING

Opplegget eignar seg for alle elevar og gir gode mogleigheter for å tilpasse undervisninga til dei ulike behova i elevgruppa. Mange av aktivitetane som er skildra, er knytt til det nonverbale språket, og dei eignar seg derfor spesielt godt for elevar som endå ikkje meistrar det verbale språket godt.

# BAKGRUNN



Foto: Båsmobakken barnehage / KKS

I Båsmobakken barnehage i Mo i Rana har dei sidan 1995 vore opptekne av at dei tilsette skal få utvikle kreativitet gjennom leik og kompetansebygging, og at det skal vere lagt til rette for eit godt læringsmiljø. Dette har mellom anna resultert i eit eige atelier, ein fast tilsett kunstnar i barnehagen og eit eige dramarom med black box-scene, instrument, speglar og utkledningsklede. Barnehagen brukar kunstnaren aktivt i kursing av dei tilsette innanfor ulike formingsuttrykk. Utgangspunktet for å arbeide med sirkus som tema i barnehagen kom etter at dei tilsette såg at ungane hadde behov for motoriske utfordringar. Sjonglering, akrobatikk, balansering og bygging av pyramidar med eigne kropper gav ungane høve til å utfordre seg med kropp og

sinn. I tillegg knytte barnehagen temaet til ulike formings-, drama- og musikalske aktivitetar.

Mange av desse aktivitetane kan ein også gjennomføre i skulen utan altfor mykje utstyr. Kva med å kontakte ein lokal kunstnar som kan vere med på prosjektet, eller bruke kompetansen som allereie ligg hos personalet på skulen? Kanskje nokre av kollegaene dine kan sjonglere, klovne eller trylle? Bruk denne kompetansen til intern kursing, og skap eit tverrfagleg sirkusprosjekt på tvers av faggrensnene. Dette undervisningsopplegget gir nokre smakebitar på korleis ein kan jobbe med sirkus i skulen, men for ei djupare forståing av temaet, oppmodar vi deg til å gå nærmare inn i støttemateriellet som vi refererer til seinare i denne teksten.

## KOMPETANSEMÅL

### Kunst og handverk

- visualisere og formidle eigne inntrykk i ulike teknikkar og materiale
- bruke enkle, tenlege handverktøy i arbeid med leire, tekstil, skinn og tre

### Kroppsøving

- leike og vere med i aktivitetar i varierte miljø der sansar, motorikk og koordinasjon blir utfordra
- utføre grunnleggjande rørsler som å krype, gå, springe, hinke, satse, lande, vende og rulle i fri utfalding og organiserte aktivitetar

### Norsk

- samhandle med andre gjennom leik, dramatisering, samtale og diskusjon

### Musikk

- imitere og improvisere over enkle rytmar og klangar

## TIDSRAMME

Dette undervisningsopplegget er lagt opp som eit prosjektarbeid fordelt over fleire bolkar. Kor mange timer ein skal setje av til kvar bok, er opp til kvar enkelt lærar og skule.

# FØREBUINGAR OG GJENNOMFØRING

## FØREBUINGAR FOR LÆRAREN

- Avgjer kva omfang prosjektet skal ha: Kor mange timer har ein til rådvelde, skal fleire faglærarar/faggrupper samarbeide, kva for ressursar har ein på skulen? Skal ein bruke eksterne ressursar i nærmiljøet, som foreldre, lokale kunstnarar eller lokale frisirkus- eller dramagrupper som sit på verdifull kompetanse? Kanskje kan ein knyte lærarstudentar til opplegget dersom det er ein høgare utdanningsinstitusjon i nærliken? Skal prosjektet ende opp i ei framsyning, ein konsert, ein performance eller andre formidlingsformer? Korleis kan ein sørge for aktiv elevmedverknad både i planleggings- og gjennomføringsfasen?

## FORSLAG TIL STØTTEMATERIELL OG KOMPETANSE INNANFOR DRAMA, SIRKUS OG AKROBATIKK

- Heile prosjektskildringa til «Sirkus bananas» (Ressursbasen til Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa).

- «Kroppen i lek og læring – Sirkus i barnehage og skole» av Jensen og Osnes (Fagbokforlaget 2009).
- «TK Kulturskolen Sirkus» er ein del av scenekunstavdelinga ved den største kulturskulen i landet, Trondheim kommunale kulturskole. Sirkusskulen har over 140 sirkuselevar i alderen 6–20 år.
- «Cirkus Xanti»: Eit norsk frisirkus som legg vekt på bruk av sirkus som pedagogisk verktøy i skulen
- «Norsk senter for akrobatisk scenekunst»: Eit senter som er støtta av Norsk kulturråd, og som tilbyr aktivitetar for unge, i tillegg til at det er produksjonsstad for FRIKAR dance company.
- «Stella Polaris»: Ei av dei eldste ny-sirkusgruppene i Noreg, som arbeider med teater- og sirkusframsyningar.



Vi hadde god erfaring med å jobbe med felles tema i heile barnehagen. Felles tema skaper auka fokus og engasjement, noko som igjen fører til større moglekeit for felles refleksjon, og vi klarer i større grad å utnytte personalressursane på tvers av grupper og avdelingar.

(Susanne Jøsevold, styrar i Båsmobakken barnehage)

Foto: Båsmobakken barnehage / KKS

# GJENNOMFØRING

|                               |  |
|-------------------------------|--|
| <b>1. bokl</b><br>MF          | La ungane få ein <b>kreativ oppstart</b> på prosjektet ved at ein introduserer dei for sirkus og akrobatikk som tema gjennom drama som metode. Leig inn eller bruk eit lokalt frisirkus, ein klovn, ein tryllekunstnar, ein sjonglør eller ein gjøglar i formidlinga. Bruk nettverket til skulen og sjå etter moglegheiter i nærmiljøet.   |
| <b>2. bokl</b><br>MF/LF/SF/DF | Elevane fordjupar seg i temaet sirkus og akrobatikk gjennom <b>å høre på musikk, sjå på bilete og film, og søkje på internett</b> . Jobb i grupper og lag idéhefte der de samlar inn og skriv ned stoff om temaet. I desse timane kan ungane også gjøre ulike <b>kunst- og handverksaktivitetar</b> der læraren rettleier. Tips til tema og aktivitetar: Kva dyr er det på eit sirkus? Korleis ser dyra ut? Kan ein måle, teikne eller kanskje forme dei med steinar, leire eller andre materiale? Kva med å lage gipsmasker med sirkusklovnar som tema? Produkta frå desse timane kan ein bruke i presentasjonsdelen på slutten av prosjektet.  |
| <b>3. bokl</b><br>MF          | Læraren legg til rette for å prøve ut akrobatiske øvingar i <b>kroppsøvingsfaget</b> basert på forundersøkingane frå elevane. Ta også utgangspunkt i kapittel 5 og 7 i boka «Kroppen i lek og læring» av Jensen og Osnes (Fagbokforlaget 2009). Stikkord for timane er aktivitetsglede, trivsel og meistring. Unngå prestasjonsfremjande øvingar. Vel heller varierte øvingar der elevane kan gå inn og ut av ulike roller. Dette gir større moglegheiter for individuelle uttrykk og behov. I boka skildrar forfattarane også korleis ein kan flytte undervisninga utandørs ved å gjøre sirkusøvingar i naturen: «Et skrått terreng med stubber og steiner kan være spennende som manesje for alver og klovnar som dukker opp fra skogbunnen før de utfører forskjellige numre» (s. 199–200 i Kroppen i lek og læring). |
| <b>4. bokl</b><br>MF/LF/SF/DF | Utifrå dei ulike oppgåvene, øvingane og inntrykka elevane no sit igjen med, gjennomfører dei ein <b>felles presentasjon</b> for klassen eller for andre. Inkluder kroppsleg, visuell, munnleg og skriftleg framføring. Læraren tek her utgangspunkt i dei grunnleggjande ferdighetene. La leiken stå i fokus.  |

## TIPS TIL FORDJUPING

- Gjer som Båsmobakken barnehage og leig inn eksterne fagfolk eller aktørar som kan heve kompetansen til lærarane ved skulen innanfor temaa pedagogisk formidling av rørsle, akrobatikk og bruk av sirkus i skulen. Sjå under punktet med støttemateriell for tips om aktørar ein kan kontakte.
- Inkluder musikkfaget enda meir i prosjektet: Kva for musikk brukar ein på sirkus? Legg til rette for undervisninga med instrument og musikk på CD for å skape rom for improvisasjon, samspel og musikkglede hos elevane.

Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen  
Universitetet i Nordland, 8049 Bodø Tlf +47 75 51 75 00  
Fax +47 75 51 74 57 kunstkultur@uin.no

kunstkultursenteret.no